

Referansar:

Valdleiar Vike vald 1263V0013

Dato: 28.05.20

Dykkar: 20/3056 - 20/7923

Torgeir Andvik

Svar på HØYRINGSSAK - Lokal forskrift om jakt og fastsetting minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort, Alver kommune

30.04.20 mottok underteikna eit høyringsforslag frå landbruksavdelinga i Alver kommune. Forslaget gjaldt fastsetjing av minsteareal for fellingsløyve på hjort. Dette er eit svar på forslaget. Kommentaraner gjeld fyrst og fremst gamle Lindås kommune. Men, det er ikkje tvil om at forvaltninga i gamle Radøy og Meland også spelar ein stor rolle for hjortestammen i gamle Lindås. Det er litt tvil om dette gjeld dei valda som er med i bestandsplanområdet. Men, det vil uansett spele ei stor rolle for bestanden i vårt område, skulle dette bli som skissert.

1. Er det slik at det foreslåtte minstearealet òg er å rekna som minsteareal for å søkja om fellingsløyve? Døme: Viss ein har 500 dekar eigedom, kan ein søkja om å oppretta eit vald og fella ein hjort pr år. Viss det er slik, er det etter vår meining uheldig med mange små vald, som sannsynlegvis vil gjera forvaltninga vanskelegare. Minstearealet for å søkja om oppretting av vald bør derfor vere ein god del høgare enn 500 dekar.
2. Når det gjeld minstearealet for å fella hjort i eit vald, ser eg det er foreslått å gå frå 1500 dekar til 500 dekar i vårt område. Dette er ei veldig dramatisk og stor endring. Nordom Eikefettunnellen er det gjengs oppfattning at dette er ein alt for stor nedgang i minstearealet. Det er eit lite fåtal av valda som fyller kvotane sine, og det er ingen grunn til å tru at det vil endra seg med det fyrste. Påstanden til Alver kommune om at hjortebestanden er aukande, vil eg på det sterkaste motseia. Eg vil òg stilla spørsmål ved «sett hjort» som grunnlag for å setje ned arealet. Gamle Radøy, Meland og Lindås kommunar har eit mangelfullt og kortvarig «sett hjort»-grunnlag. Eg meiner dette må strekkjast over fleire år for at dette skal kunne brukast som grunnlag. For ikkje å nemna at ein lett kan tolke det som ei auke i bestanden når ein byrjar å samle inn statistikk, som ein tidlegare ikkje har gjort.
3. Konflikten mellom jordbruk og viltbestanden er eit viktig punkt. Det viktigaste er å finna balansen som gjer at begge er levedyktige. Men, ein lyt akseptera av det er vilt i grasenga om våren og hausten då hjorten er på vandring, og er sulten etter vinteren. Dette bør ikkje brukast som eit argument for å setja ned minstearealet over eit stort område. I nordre delar av Radøy og Lindås er det lite mat til hjorten utanom innmark. Eit alternativ er å gjerde inn innmark. Dersom det er slik at ein tapar mangfoldige tusen i grasproduksjonen kvart år, er det truleg ei god investering å gjerde inn innmarka. Dette kan då føre til at hjorten dreg frå området grunna lite beitegrunnlag. Dette kan t.d. kommunen hjelpa til med.
4. Eg vil og nemna at kommunen har anledning til å senke minstearealet til 250 dekar innanfor 50%-regelen. Noko eg ikkje meiner ein bør ha moglegheit til, då dette er altfor lågt i høve til hjortebestanden.

Samandrag:

Minstearealet for å søkja om å oppretta vald bør vere høgare enn 500 dekar. T.d. 1000-1500 dekar.

Minstearealet for felling av hjort i allerede eksisterande vald bør ikkje endrast frå 1500 dekar til 500, men bli ståande som det er, då den i praksis har vore 750 dekar dei siste åra.

Ein Må finna ei betre løysing på konflikten mellom jordbruk og viltbestand, og ikkje berre setje opp kvotane over heile linja.

Påkjørsel av vilt vil forekomma i trekkrutene til hjorten sjølv om ein reduserar stammen betydeleg. Dette er ikkje eit godt argument for å redusera stammen.

Grunneigarane og valdleiarar i valda:

Skår, Eikefet, Eikemo, Fjelde, Vike, Romarheim, Stusdal, Dyrkolbotn

Står samla bak desse utsagna.